

Føresegner:

Formål og tidlegare planer

§ 1-1. **Formål.**

Planen skal avklare trasé for E134 mellom Fikse (Etne grense) og Solheim i Vindafjord kommune.

§ 1-2. **Forholdet til gjeldande kommuneplaner.**

Arealbruken vedtatt i denne planen med tilhørende føresegner gjeld føre arealbruk i Kommuneplan for Vindafjord 2010-2021, vedteken 14.02.2011, med endringar gjort 06.09.2011 og 19.03.2012, med føresegner og retningslinjer.

Arealformål og vegsystem

§ 2-1 **Arealformål (Pbl. § 11-7 nr. 2)**

Planen viser areal satt av til samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, underformål veg. I Vindafjord kommune skal E134 bli bygd som tofelts veg med fysisk midtdelar (dimensjoneringsklasse H5 i Statens vegvesen si handbok N100).

På delstrekningar skal det bli bygd ekstra felt for forbikøyring.

§ 2-2 **Lokalvegssystem**

Det skal vera et samhengande lokalvegssystem uavhengig av ny E134 for å sikre tilgjenge for lokaltrafikk, kollektivtrafikk og saktegåande køyretøy og for å ivareta tilfredsstillande mogelegheit for omkøyring ved ulykker og vedlikehald på E134. Det kan bli vurdert unnatak for samhengande lokalveg på strekninga mellom Bakka og Norheim. På denne strekninga skal det vera eit tilbod til gåande og syklende.

Omsynssoner

§ 3.1 **Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover, eller som er bandlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet. (Pbl. § 11-8 d)**

Området innan omsynssona skal bli regulert til tofelts veg med forbikøyringsfelt der det er naudsynt, med tilhørende tilførselsveger, lokalveger, vegkryss, gang- og sykkelveger, rasteplassar og kontrollplassar. Innan omsynssona kan det ikkje bli gjort tiltak som kan gjere planlegging og utbygging av E134 vanskelegare eller dyrare. Tiltak på terrengnivå over tunnel minimum 50 m

innan tunnelportalane er lov. Tiltak under terrengnivå som kan gjere etablering eller drift av tunnelane vanskelegare eller dyrare er ikkje lov.

§ 3.2 **Kulturminner (Pbl. § 11-8 c)**

Inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på automatisk freda kulturminner innanfor omsynssone H730 er ikkje tillat utan dispensasjon frå kulturminneloven.

Forholdet til både nyare og automatisk freda kulturminne må avklarast på reguleringsplannivå og bli lagt inn som omsynssooner i reguleringsplan.

Plikten til undersøking etter § 9 i kulturminnelova må oppfyllest før reguleringsplanen kan bli godkjent.

§ 3.3 **Faresone skred/ras (Pbl. §11)**

I område som er utsett for skred er det krav om fagkyndig utgreiing av skredfaren i samband med utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om bygge- og anleggstiltak.

§ 3.4 **Faresone flaum**

Det tillatast ikkje etablering av nye bygg i dette området med mindre det blir utført tiltak som sikrar bygga mot flaum i samsvar med krava i byggtknisk forskrift § 7-2.

Retningslinjer:

1. Reguleringsplanane skal i tillegg til å sette av areal til veganlegget omfatte naudsynt omlegging og nyetablering av vegar og tilkomst, bruer, avbøtande tiltak i form av støyskjerming og forming av sideterrenget, anna arealbruk og tilbakeregulering til dagens formål av areal som det ikkje er hensiktsmessig blir knytt til tiltak nemnt ovanfor.
2. For område som berre skal bli nytta til vegformål i anleggsperioden, skal framtidig arealbruk bestemmas og gjennomføring sikras med føresegnar om rekkefølge i reguleringsplan. Storleiken på areala må vurderast både med tanke på å redusere landskapsinngrepa og ei rasjonell gjennomføring av anlegget.
3. Det skal leggjast vekt på å tilpasse veganlegget i det eksisterande miljøet og terrenget, og gje ei god og heilskapleg utforming av veganlegget . Forming av veganlegget med avbøtande tiltak bør ha høg kvalitet i høve funksjonelle og estetiske krav. Det skal bli gjort greie for utforming og estetiske tiltak i dei etterfølgjande fasane av planlegginga.
4. Eksisterande og regulerte gang- og sykkelveggar og turveggar skal bli teke vare på så langt det er naturleg. Alle kryssingar (over-/undergangar) skal ein søkje å bevare og der det er naturleg skal nye bli etablert.

5. E134 medrekna bruer og stikkrenner skal bli planlagt og bygd slik at han tåler ein 200-års flom. Vassdrag og bekkar som bli lagt om skal og bli dimensjonert for slike flaumar.

6. Det skal lagas ein massedisponeringsplan for utbygginga. Planen skal ha som utgangspunkt at masser er ein ressurs som skal sikrast ein god samfunnstenleg utnytting, og at naudsynte miljøomsyn tas. Planen skal vise kva for transportveger som skal brukast.

Massedisponeringsplanen skal føreleggast Vindafjord kommune, Etne kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Fylkesmannen i Hordaland til uttale.

Størst mulig del av massane skal handteras og gjenbrukas på anlegget.

Overskot av matjord skal tas vare på og fortrinnsvis brukast til jordforbetring/dyrkingstiltak i jordbruksområder lokalt.

For overskotsmasser som må gå til utfylling skal det utarbeidast reguleringsplaner og eventuelt konsekvensutgreiing der det er krav om dette.

7. Tiltak som har følgjer for Etnevassdraget/Sørelva/Nordelva skal vere i samsvar med rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Det skal bli vurdert om overvatn som blir leda til vassdraget må bli ført via sedimenteringsdammar, sandfilter/våtmarksfilter evt. via andre tiltak som gjev same effekt.

8. Anleggsarbeidet må skje innan grensene for støy etter retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) og retningslinjer for forureining.

Ved behov må det bli etablert midlertidige fangdammar i anleggsperioden for å unngå auka tilførsel av partiklar til vassdraga. Mellombels riggplassar skal og bli utforma med naudsynt mogelegheit for oppsamling av forureina stoff. Dei mellombels anlegga skal bli godkjent av Etne kommune

9. Avbøtande tiltak som har samanheng med anleggsverksemd og bygging av tiltaket må vere klarlagt og sett i verk før anleggsstart.

10. Det skal i det vidare planarbeidet utarbeidas ytre miljøplan der m.a. pkt. 6 – 9 skal vera med.